

**Fra:** Synnøve Solbakken (synnove.sol@icloud.com)

**Sendt:** 25.08.2019 20:51:54

**Til:** Folkevalde

**Kopi:** ag.hestetun@gmail.com; Roald Kvamme

**Emne:** Spm: Status for veg R 48 Porsvik- Valen?

**Vedlegg:**

Til

Fylkesordførar Anne Gine Hestetun

Spørsmål til Fylkesutvalet 30 aug.2019

Gjeld fylkesveg 48 Porsvik- Valen

Kva er status for vegen Porsvik - Valen?

Nede i eposten står situasjonen slik det var for eit år sidan.

Etter mykje nedbør og meir hol i vegen no spør fleire kva skal gjerast med vegen?

Aug.2018:

Bebuarar i ein firmannsbustad og ein tomannsbustad har evakuert husa sine i Porsvik Valen etter steinblokk som raste ned 7 mai og seinare steinras som nesten traff husveggen på bustadhusa.

Norconsult og geologar arbeider for å klargjera situasjonen med status for fylling og veg der stein rasa ned.

Vegfyllinga nedanfor fylkesveg held ikkje dagens standard og ansvarsforholda er uklare uttalar rådgjevar i Kvinnherad kommune som og er i dialog med Statens vegvesen.

Bustadane som no er evakuert har ei skråning bak seg som er eigd av Hordaland fylkeskommune og Statens vegvesen.

Det blir no drøfta om ein skal gjera midlertidige tiltak,eller gå rett på permanente tiltak.

Dette er ein svært trafikkert veg som går til Utåker ferjekai som seinare tid har ein auke i trafikken med ferja til Skånevik.

Denne delen av Fylkesvegen har stor trafikk,dårleg standard,svingete,holete,smal og ingen gang- og sykkelveg.

Vegen er no merka med politiband på autovernet,her er det gåande og sykklende samtidig som biltrafikk går forbi.

Mvh

Synnøve Solbakken Ap.

Sendt fra min iPad